


PLAN FOR OVERGANG BARNEHAGE - SKULE



GOL KOMMUNE

Innhold

1.	Gode samanhengar og overgangar frå barnehage til skule	2
1.1.	Innleiing	2
1.2.	Mål	3
2.	Føringar overgang barnehage skule som gjeld alle barn	4
3.	Føringar overgang barnehage skule som gjeld barn som har spesialpedagogiske behov.	5
4.	Føringar for barn med fleirspråkleg bakgrunn	6
5.	Årshjul for overgang barnehage – skule	7
6.	VEDLEGG: Pedagogiske verktøy og skjema	11
6.1.	Utvikling av skriftspråkleg bevisstheit	11
6.2.	Emneplan for førskulegruppearbeidet	14
6.3.	Oversikt testar/kartleggingar; helsestasjon, barnehage og småskule	15
6.4.	Samtykkeskjema for overføring av informasjon mellom barnehage og barneskule	16
6.5.	Skjema for referat fra foreldresamtale for overføring til skulen	16
6.6.	Samtykkeerklæring for spesiell tilrettelegging.....	18
6.7.	Opplysninger om barnets språkhistorikk	19
6.8.	Forkorta årshjul for føresette (nynorsk).....	20
6.9.	Forkorta årshjul for foreldre (bokmål)	21



Godkjent i Utval for kultur og levekår 21. januar 2015

1. Gode samanhengar og overgangar frå barnehage til skule

1.1. Innleiing

Forventningar om tverrfagleg samarbeid for skulestartarane er klart formulerte både i Rammeplan for barnehagar og læreplanverket for grunnopplæringa. Tilsette i barnehagane og helsestasjon i Gol kommune og PPT har saman med dei andre fem kommunane i Hallingdal vore med i pilotprosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 1 i perioden 2010-2012. Steg 1 vekta språkleg og sosial utvikling. Frå 2013 er prosjektet vidareført til steg 2 overgang barnehage – skule der småskuletrinna er med i tillegg. St.meld. nr 16 2006-2007 «...ingen stod igjen ...» og den nasjonale rettleiinga om samanhengar og overgangar, «Frå eldst til yngst» er styrande for arbeidet. Det er Statped sørøst som har hatt det faglege ansvaret for prosjekta.

Siktemålet med dei statlege føringane er å styrke tidleg innsats og samanhengen i læring for barn i barnehagen og opplæring for barn i småskulen i Gol kommune. Ein god samanheng inneber at barn opplever kontinuitet og progresjon i læringsinnhaldet og at dei opplever å meistre overgangen mellom barnehagen og skulen.

Gol kommune har hatt ein plan for overgang mellom barnehage skule sidan 90-talet. Gjennom prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 2 overgang barnehage – skule har det blitt sett nytt fokus på overgangen og på ein god skulestart. Tilsette i barnehage og skule har hatt felles opplæring slik at alle som arbeider til beste for barn i Gol skal ha same utgangpunkt for læring og rettleiing av barn og foreldre. Sentrale tema i kompetansehevinga har vore systematisk bruk av leik som eit pedagogisk verktøy og førebuande lese- og skriveopplæring.

Denne kommunale planen legg føringar for overføringa og legg større vekt på å sikre samanhengar i læringsløpet, saman med tiltak for å sikra tryggleik, trivsel og mestring i overgangane. Føresette har hovudansvaret for barnet si utvikling. Det ansvaret kan dei ikkje ha utan å vera involverte og engasjerte i informasjonsoverlevering og praktisk oppfølging.

Måla med planen er å sikre:

- heilskap i opplæring frå barnehage til skule, både fagleg og sosialt
- ein trygg og forutsigbar skulestart for det enkelte barn og deira føresette
- at barna opplever overgangen som spennande, trygg og prega av mestring
- god informasjonsflyt mellom tilsette og mellom tilsette og føresette ved overgangen
- gode møteplassar mellom tilsette for å få til kompetanse og kultur som støttar intensjonane ovanfor

I tillegg til at planen byggjer på satsinga Felles løft for tidleg innsats, byggjar den på eit omfattande forarbeid og på fleire års erfaringar. Planen er forpliktande for barnehage, skule og SFO. Ein forpliktande plan forutsett at nyttilsette får skulering i innhaldet i planen. Vi rår sterkt til at også den private barnehagen og IFO (idrettslaget si skulefritidsordning) følgjer prinsippa i planen ved overgang frå ein barnehage til ein anna og frå barnehage til IFO.

Planen er delt inn i tre hovudområde, i tillegg har den mange praktiske vedlegg til hjelp for dei tilsette i arbeidet. Vedlegga blir revidert ved behov.

Vi ønskjer lykke til med samarbeidet!

1.2. Mål

- Barn opplever at det dei kan og har erfart, blir brukt vidare for å sikre tilpassa opplæring og eit best mogleg læringsutbyte.
- Barnehage og skule har eit likeverdig ansvar for gjennomføring av tiltaka i planen.
- Føresette er, så langt råd er, med på informasjons- og overføringsmøta ved alle overgangane. Det skal vera innhenta samtykke frå dei føresette om overføring av informasjon ved overgangen frå barnehage til skule.



*«Alle barn har en gnist i seg.
Alt vi trenger å gjøre,
er å tenne den.»*

Roald Dahl

2. Føringar overgang barnehage skule som gjeld alle barn

SAMANHENG

- Barnet og foreldra opplever ein trygg og god skulestart, inkludert ein god start i skulefritidsordning
- Barnehagen og skulen sikrar best mogleg kontinuitet og progresjon i læringsinnhald slik at kvart barn opplever mestring i overgangen

INFORMASJON

- Tilsette overfører informasjon til beste for barnet, i samspel med, og etter løyve frå foreldre
- Ved behov kan det vere eigne samarbeidsmøter med andre instansar, t.d. helsestasjon eller barnevern
- Tilsette overfører informasjon om planar og innhald for å sikre kontinuitet og progresjon
- Barnet medverkar mest mogeleg i informasjonsoverføringa

MØTEPLASSAR

- Hospitering frå barnehage til skule og omvendt vurderast kvart år
- Årleg fagmøte for pedagogiske leiarar i barnehagane og lærarane på første trinn.
 - Tema skal vera erfaringsdeling etter hospitering, utveksling av pedagogiske planar, forventningar og samarbeidsformer – settes inn i årshjul)
- Barnehagen skal i samarbeid med skulen arrangerer foreldremøte om skulestart på hausten
- Barnehage og skule samarbeider om møteplassar for skulestartare og skulebarn
- Informasjonsoverlevering om barnet blir gitt frå pedagogisk leiar til kontaktlærar
- Helsestasjon må ta kontakt med skulen når barn som ikkje går i barnehage skal begynne på skulen
- Barnehagen tilbyr inntil 2 dagars barnehageplass for nyinnflytta som søker plass siste halvår før skulestart

PEDAGOGISKE FØRINGAR

- Stimulering av norsk talespråk med god og aldersadekvat begrepsmengde
- Bruke kartleggingsverktøy ved undring om språkleg og sosial utvikling
- Utvikling av skriftspråkleg bevisstheit:
 - Systematisk begrepsundervisning (forkorta til BU) – ein felles metode for barnehage og skule
 - Bruk av leiken i den skriftspråklege utviklinga
 - Skriftspråkleg stimulering gjennom dialogisk lesing
- God utvikling av sosial kompetanse og relasjonsbygging gjennom leik og vaksenstyrte fellesaktivitetar

Vedlegg til dette punktet: Utvikling av skriftspråkleg bevisstheit, Emneplan for førskulegruppearbeidet, Samtykkeskjema overgang barnehage – skule, Emneplan i førskulegruppe, Forenkla plan til føresette, Oversikt kartleggingsverktøy

3. Føringar overgang barnehage skule som gjeld barn som har spesialpedagogiske behov

SAMANHENG

- Barn med behov for særskild tilrettelegging skal erfara ein trygg, planlagt og tilrettelagt oppstart i skulen og ev. SFO/IFO
- Overføring starter seinast eitt år før skulestart
- Barn med behov for særskild tilrettelegging skal oppleva samanheng i læringsinnhald og arbeidsmåtar frå barnehage til skule
- Tilsette får best mogleg informasjon om barnet slik at opplæring blir individuelt tilpassa

INFORMASJON

- Det blir gitt tidleg og grundig informasjon til beste for barnet for å sikre ressursar og praktisk tilrettelegging
- Foreldra deltar i informasjonsoverlevering i eigne møte
- Informasjon om planar og innhald sikrar kontinuitet og progresjon
- For kvart barn blir det overlevert individuell utviklingsplan (IUP), årsrapport og ev. individuell plan (IP) til skulen
- Barnehage saman med PPT sikrar så langt det er mogeleg at det blir utført kartlegging/sakkyndig vurdering av barn jf. oppl. I § 5-1 og § 5-7 før skulestart

MØTEPLASSAR

- Barnehagen har ansvar for at barna får førebuing til nye fysiske omgivelsar som skulebygg og uteområdet til skulen / SFO/IFO
- Det blir teke spesielt omsyn til å ta vare på venskap barnet har frå barnehagen, og hjelpe til med å vidareutvikle venskap
- Foreldre blir tidleg involvert for å drøfte tilbod, tilrettelegging og forventningar
- Tilsette som står for tilboden skal utveksle og drøfte pedagogiske planar, føresetnader, meistring, læringsmiljø, arbeidsmåtar og samarbeidsformer
- Spesialpedagog og kontaktlærar på skulen og ev. leiar på SFO deltar så tideleg som mogeleg på ansvarsgruppemøte/samarbeidsmøte om barnet
- Tverretatleg samarbeid sikrar informasjonsflyt, kontinuitet og meistring kring barnet
- Har barnet spesialpedagog/miljøterapeut/assistent i barnehage, blir det vurdert om vedkomande skal følgja med barnet/eleven over til skulen

PEDAGOGISKE FØRINGAR

- Innhaldet i spes.ped.permen for Hallingdal er forpliktande for alle som arbeidar med barn som har spesialpedagogiske behov (link Kvalitet Gol)
- Skulen møter barnet med særskilt tilrettelegging og forståing for barnets individuelle behov

Vedlegg til dette punktet: Samtykkeskjema overføring spesialpedagogiske tiltak

4. Føringar for barn med fleirspråkleg bakgrunn

SAMANHENG

- Barn med fleirspråkleg bakgrunn er omtalt i Lov om barnehagar § 2 og mål i Rammeplan s. 41
- Barn med behov for særskild språkopplæring (etter § 2-8) og deira føresette forstår kva som skjer kring overgangane og oppleva forståeleg samanheng og progresjon

INFORMASJON

- Det blir utveksla tidleg og grundig informasjon om barnet sin fleirspråklege kompetanse, for å sikre ressursbehov, språkleg tilrettelegging og mestring
- Tilsette skal ha best mogleg informasjon om barnets språklige kompetanse, inkl. norskkompetanse. Nødvendige kartleggingar må vere gjennomført i god tid før skulestart, slik at opplæring blir individuelt tilpassa
- Tilsette i samarbeid med føresette fyller ut skjema med språkhistorikk
- Føresette deltar i forståeleg informasjonsoverlevering, og tolk blir brukt ved behov
- Føresette får informasjon om at det er møteplikt på skulen for elevane
- Føresette får naudsynt informasjon om leksehjelp, som er tilpassa den einskilde heim
- Informasjon blir gjeve munnleg til fleirspråklege føresette ved behov

MØTEPLASSAR

- Barnet er godt kjend med skulen før oppstart
- Føresette og barn får tilbod om å møte pedagogisk leiar og kontaktlærar med tolk ved behov
- Tolk brukes ved foreldremøte om skulestart for 5-åringane ved behov
- Tilsette i barnehagen møtar tilsette ved skulen for å utveksle og drøfte pedagogiske planar, forventningar, barnets fleirspråklege kompetanse/norskkompetanse og eventuell språkleg tilrettelegging

PEDAGOGISKE FØRINGAR

- Tilsette utøver toleranse og inkludering i sitt daglege arbeid med fleirkulturelle barn og føresette
- Tilsette har kunnskap om barn med fleirspråkleg bakgrunn og forstå verdien av å ta vare på og utvikle morsmålet
- Barnehagane og skulen brukar kartleggingsverktøy for å kjenne og dokumentere barnet sin kompetanse innan språkleg og ev. sosial utvikling
- Det er utvikla eigen plan for førebuing av overgangen for førsette
- Språkutviklingsplan for barn i alderen 1 – 16 år har oversikt over minimumsferdigheiter ved kvar alder
- Tilsette brukar pedagogisk materiell og leik i utvikling av norsk som er tilpassa barn som ikkje har fullstendige norskunnskapar på sitt alderssteg

Vedlegg til dette punktet: Skjema til å kartlegge språkhistorikk, Årshjul bokmålversjon

Aktuell faglitteratur:

«Introduksjonsprogram for minoritetespråklige førskolebarn»- Vadsø kommune 2010
www.hio.no/Enheter/NAFO Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring

5. Årshjul for overgang barnehage – skule

Tid	Rutiner som gjeld alle barn		Rutiner som gjeld barn med spesialpedagogiske tiltak	Rutiner som gjeld for fleirkulturelle
	Mål og innhald for barna	Mål og innhald for dei tilsette i barnehage og skule		
August		<p>Nettverksmøte i bhg: Repr. frå alle hus med førskulegrupper er med. Mål: Planlegge året, fastsetting av datoar. Ev. idéutvekslingar til opplegg i førskulegruppene Ansvar: Ass.styrar kallar inn til møte</p> <p>Sende oversikt til skulen over tal på barn som skal begynne på skulen neste haust.</p> <p>Ansvar: Ass.styrar</p>	<p>1-2 år før overgang: Informasjon til skulen ved behov for bygningsmessige tilpassingar og omfattande hjelpebehov Ansvar: Ass.styrar /saksbehandlar i PPT</p> <p>For barn der det blir vurdert utsett skulestart må bhg informere foreldre om rutiner og fristar.</p> <p>Ansvar: Dagleg leiar/ped.leiar/ ass.styrar</p>	<p>Tilsette set seg inn i del 1. i «Introduksjonsprogrammet til minoritetsspråklige førskolebarn i Vadsø»</p> <p>Plan for gjennomføring av språkkartlegging av norsk Ansvar: Ped.leiar</p>
Septem-ber	<p>Oppstart av førskule- grupper i bhg. Mål: Førebu barna til skulestart. Sjå oversikt over område som barna skal ha vore gjennom før skulestart Ansvar: Ped.leiar</p>	<p>Foreldremøte på kvart bhg hus for alle. Eigen bokl på møtet med info om arbeidet i førskulegruppa. Ansvar: Dagleg leiar og ped.leiar</p>	<p>Innkalle skulen til å delta i samarbeidsmøte/ ansvarsgruppemøte (september/oktober)</p> <p>Ved behov for spesielle tilretteleggingar ved besøk på skulen/SFO om våren må dette planleggast i samarbeid med skule, bhg og føresette.</p> <p>Det må også planleggast kva for møte skulen deltar på fram mot skulestart og ev. samarbeid med andre hjelpeinstansar som PPT, helsestasjon, BUP, Statped, Habiliteringstjenesten, koordinerende eining, m.fl. Ansvar: Ass.styrar</p>	<p>Informere dei fleirkulturelle foreldra og gå igjennom heile årshjulet, dele ut den forkorta utgåva. Viss dei ikkje møter på foreldremøtet, ta ein ekstra samtale. Har dei erfaring med skule?</p> <p>Del ut planen for førskulegruppa og forklar bruk tolk! Nøkkelord som er viktige. Poengtere kva ein forventar av foreldra- følgje med på planen. Kva er det viktig at barnet bør kunne før dei begynner på skulen. Viktig å bruke visuell støtte i samarbeidet.</p> <p>Informere om aktuelle kartleggingsprøver før skulestart og korleis skulen brukar dette og kartlegg vidare. Informere om rettar som elevar i skulen har ut i frå sin språklege ståstad og sin kultur. Ansvar: Ped.leiar</p>

Oktober	1.klasse på besøk i bhg. Barna skal få treffe att store og små i bhg. Førskulegruppene i bhg får tid til å leike med skulebarna med mål om at dei skal vera ein leikevenn når førskulebarna begynner i 1.kl. Ansvar: Bhg sender ut invitasjon	Ped.leiar i bhg er med i klasserommet ein halv skuledag. Dei får sett kva som er fokus i 1.klasse, og korleis «sine» barn fungerer i ein klasse. Ansvar: Ass.styrar koordinerer/planlegg i samarbeid med rektor. Og/ eller fagmøte med ped.leiarar og 1.kl lærarar.		
Novem-ber	Innskriving på skulen, dette skjer elektronisk innan 1.des.	Felles foreldremøte for alle med førskulebarn: Skulen v/ en 1.klasselærar fortel om førebuande lese- og skriveopplæring. Kva er viktig å ha fokus på når barnet skal begynne på skulen, korleis kan foreldre førebu barna til skulestart. Bhg seier noe om felles treffpunkt. Rektor, SFO og IFO er representert og kjem med info. Ansvar: Bhg. kallar inn		Informere foreldra om korleis innskriving i skulen skjer. Nokon treng hjelp til dette. Hugs tolk på foreldremøte og ha eigen samtale viss dei ikkje kjem på møtet. Informere om at det er møteplikt på skulen. Ansvar: Dagleg leiar/Ped.leiar
Desem-ber			Frist for innlevering av Halvårsrapport (IUP) 20.des. Ass.styrar sender rapporten til føresette, PPT, skulen, ev. andre der det er avtalt.	Spørje om foreldra har skrive barnet inn. Ansvar: Ped.leiar
Januar	Oppstart av førskulekontroll på helsestasjonen. Aktuelle tema: motorisk utvikling, åtferd, søvn, tannhelse, kosthald, sosialt nettverk. Det blir gjennomført synstest, hørselstest, og måling av høgde og vekt av alle. Lege gjennomfører den somatiske helseundersøkelsen	Brev fra skulen blir sendt ut til foreldre. Ansvar: Rektor		Informere om brevet som skal koma. Ansvar: Ped.leiar

Mars	Solseter: Felles treff på Solseter for alle førskulebarna. Mål om at barna skal få treffe kvarandre, å gjera aktivitetar saman med andre barn dei skal gå på skulen med. Ansvar: Ass.styrar/Ped.leiar		(ev februar/mars) Overgangsmøte bhg/skule Viss det er aktuelt at personale frå bhg skal følgje eit barn i overgangen til skule, må dette planleggast. Ansvar for innkalling: Gol bhg, (ev. PPT)	Fortelje foreldra om klassemiljø og kor viktig vennskap er. Veldig viktig at barna blir med på felles aktivitetsdagar. Ansvar: Ped.leiar
April	Treff på skuleområdet: Barna blir kjent på skuleområdet og får treffe barn på tvers av bhg-hus som dei skal gå på skulen med. Besøk på SFO. Ansvar: Ass.styrar koordinerer, ped.leiar gjennomfører	Møte med rektor, ass.styrar og ped.leiarar vedr. klasseinndeling/samansetjing . Ansvar: Ass.styrar kallar inn til møte		Informere/ minne om førskuleaktivitetar som skal skje.
Mai	Skuledag: Barna får vera med ein halv dag med mål om å bli kjent og få oppleve ein skulekvardag. Små grupper med førskulebarn om gongen. Fokus på leikevenn. Felles regelleik med 1.klasse i løpet av dagen: eks» Haien kommer» Ansvar: Rektor/kontaktlærar	April/Mai: Helse på rektor/ kontaktlærer saman med foreldre. Ansvar: Rektor Foreldresamtaler i bhg. Foreldra skriv under på samtykke til å overføre informasjon frå samtalene til skulen. Ansvar: Ped.leiar	Ny sakkyndig vurdering for 1.trinn. Ansvar: PPT	Det blir fylt inn 2 skjema. Bhg-læraren har fylt inn skjemaet «opplysninger om barnets språkhistorikk» og får med viktige opplysningar til skulen om både foreldra og barnet sine behov. Spesielt vera obs ved skriftleg informasjon. Ansvar: Ped.leiar
Juni	Idrettsdag på Hallingmo: Besøk på IFO for dei som skal gå der. Barna får vera i dei same gruppene som på Solseter. Same mål som treffet på Solseter. Ansvar: Ass.styrar/Ped.leiar	Kontaktlærar på besøk i bhg. Ansvar : Skulen. Viss lærar kjem i utetida, organiserer bhg førskulebarna inn slik at lærar får fokuset på sine komande barn.	Rektor fattar enkeltvedtak (juni/juli) Ved behov: Spesialpedagog/personal som skal følge opp enkeltelevar i skulen på besøk i bhg.	Oppfordre foreldra til å møte opp på foreldremøte. Ansvar: Ped.leiar

	<p>Møte fadderklassen og kontaktlærar: Alle førskulebarna møtes på skulen i 2 timer. Dei blir delt inn i grupper. Fadrane har ansvar for ein regelleik.</p> <p>Ansvar: Rektor/ Kontaktlærar</p>	<p>Overføringsmøte med kontaktlærar og ped.leiar. Punkt frå foreldresamtala i mai blir gjennomgått med lærar, ev. ny info som har kome opp i seinare tid som foreldra har samtykka til at blir overført. Foreldre blir invitert med i samtalen ved behov</p> <p>Foreldremøte for nye 1.klasseforeldre på skulen.</p> <p>Ansvar: Rektor</p> <p>Besøk på SFO for dei som skal gå der.</p> <p>Ansvar: Leiar på SFO</p>	<p>Frist for å levere halvårsrapport (IUP) 10.juni.</p> <p>Ansvar: ped.leiar/støttepedagog skriver rapport Ass.styrar sender rapporten til foreldre, PPT, skulen, ev. andre der det er avtalt.</p>	
August	<p>Skulestart: mål om at barna skal oppleve ein trygg og forutsigbar skulestart.</p> <p>Fadderordning: Dette blir det jobba med gjennom året. Målet med Fadder: Stor hjelper liten. Dei store tar ansvar og viser omsyn til dei små. Lære bort regelleikar, lesestund m.m Fadrar er barn på mellomtrinn. Fokus på at 2.kl er leikevenn for 1.kl.</p>		<p>Skule og PPT avtalar tid for samarbeidsmøte om hausten for dei elevane som har sakkyndig vurdering ved skulestart. Ved behov kan ansatt frå barnehagen vere med på det første møte.</p>	

6. VEDLEGG: Pedagogiske verktøy og skjema

Alle vedlegg kan bli revidert etter behov, og er difor ikkje ein del av hovudplanen.

6.1. Utvikling av skriftspråkleg bevisstheit

I ein overgangsplan mellom barnehage og skule bør læringsinnhaldet i skriftspråkleg bevisstheit sikre ein samanhengande og heilskapleg progresjon i læringsprosessane. Det pedagogiske innhaldet skal gje alle skulestartarane eit felles basisgrunnlag for den kommande begynnarpoplæringa i basisfaga norsk og matematikk.

Det er dei ulike metodane i begynnarpoplæringa av grunnleggande ferdigheter i lesing, skriving og matematikk som legg grunnlag for læringsinnhaldet, og ikkje kva barnehage og skule ønskjer og arbeide med.

Systematisk begrepsundervisning (BU) – ein felles metode

Planen skal ha som mål å sikre ein systematisk og felles opplæring, der det skal utviklast ein felles kjerne-metodikk i begreps- og leseopplæringa gjennom bruk av ein systematisk modell for begrepsundervisning og ferdigheitsopplæring (BU-modellen).

BU-modellen er ein opplæringsmodell for ein systematisk begrepsundervisning, som har vist seg å ha effekt på førebygging av lærevanskar. Modellen kan brukast:

1. Allment i den ordinære språkopplæringa for alle barn og unge i barnehage og skule. Plan for dette arbeidet bør ligge i eigne planar for kvar verksemد med eit felles grunnlag, som sikrar kontinuitet og progresjon i eit samanhengande opplæringsløp.
2. BU-modellen kan brukast systematisk i eit skuleførebuande opplegg, for å legge eit godt grunnlag for begynnarpoplæringa i lesing, skriving og matematikk.

Dei 9 begrepssistema i skjema under er spesielt viktig med tanke på begynnarpoplæringa. Den formelle innlæringa av dei grunnleggande begrepssistema og aktuelle begrep bør fordelast mellom barnehagen og dei to første åra i grunnskula.

Grunnleggande begrepsystem	sep	okt	nov	des	jan	feb	mars	april	mai	juni
Fargar										
Form										
Plass										
Symbol										
Stilling og retning										
Storleik og mengde										
Lyd										

1. Begrepsystemet «Fargar»:

- Barnehagen: arbeider med fargane: Raud, blå, grøn, gul, brun, svart, kvit, rosa, oransje og lilla farge.
- Skulen: repeterer og lærer vidare om nyansar i fargane, eks. lys og mørk.

2. Begrepsystemet «Form»:

- Barnehagen: arbeider med rettlinja, rund, bue, firkanta, trekanta, terning og kule former.

- Skulen: repeterer formene og lærer elevane sirkel-, oval-, kjegle- og cylinderform, geometriske former.

3. Begrepsystemet «Plass»:

- Barnehagen: arbeider med før, etter, på, under, over, ved siden av, inni, mellom, i midten.
- Skulen: repeterer og lærer elevane til høgre for og til venstre for.

4. Begrepsystemet «Symbol»:

- Barnehagen: arbeider med bokstavar som symbol for språklyden og tal som symbol for mengde.
- Skulen: lærer vidare om bokstav- og tal- beskrivande begrep.

5. Begrepsystemet «Stilling»:

- Barnehagen: presenterer vannrett, loddrett og skrå stilling.
- Skulen: arbeider vidare med stilling som reiskap for å beskrive bokstavane.

6. Begrepsystemet »Retning»:

- Barnehagen: arbeider med nedover, oppover, til sides.
- Skulen: jobbar vidare med begrepa knytta til undervisning.

7. Begrepsystemet «Storleik»:

- Barnehagen: arbeider med stor, liten, størst, minst, mellomst.
- Skulen: repeterer og jobbar vidare med større enn, mindre enn.

8 .Begrepsystemet « Mengde»:

- Barnehagen: arbeider med å telle 1-10 og knytte tal til mengde.
- Skulen: jobbar vidare med tal/mengde og ein til ein koordinering.

9. Begrepsystemet «Lyd»:

- Barnehagen: arbeider med å lytte til ulike lydar, sterke, svake, høge lydar.
- Skulen: jobbar med språklydane og artikulasjon som ein del av bokstavinnlæringa.

Begrepsystema 10–23, som er mønster, stoffart, overflate, stoffeigenskap, funksjoner, vekt, temperatur, lukt, smak, tid, forandring, fart, verdi og kjønn, arbeider ein med i naturlege situasjonar i den ordinære språkopplæringa.

Grunnmuren i utvikling av skriftspråkleg bevisstheit

Denne kan stimuleras før skolestart utan bokstavar.

	sep	okt	nov	des	jan	feb	mars	april	mai	juni
Lytteleikar										
Rimleikar										
Ord og setning										

Stavingar										
Framlyd										
Fonem										

Å bli leseklar

LESEKLAR!



Grunnmuren i skriftspråkleg bevisstheit (Jørgen Frost, 19..).

1. Lytte / høyre forskjell på lydar.
2. Kunne rime og lytte ut rim.
3. Ord og setning; ein setning er ein kort forteljing, som består av ord. Korte og lange ord, merkelege ord, spesielle ord, sjeldne ord, vanskelege ord.
4. Klappe rytme og stavingar i ord.
5. Lytte ut første lyden i ord.
6. Lytte ut lydane i ord. Viktig at dei lærer bokstavlyden, ikkje bokstavnamnet.

Ungane må bli det vi kaller leseklares, FØR dei kan lære og lesa (avkoding). Alle må igjennom alle trinna, og nokon kan vera vanskeleg å koma opp på og krev mykje trening. Kvar unge må få gå i sitt tempo. Dei små daglege dryppa er betre enn dei store skippertaka.

Bruk av leiken i den skriftspråklege utviklinga

Forsking viser at gode læringsresultat får ein når kognitive og emosjonelle læringsprosessar går parallelt. I ein sosialpedagogisk tradisjon blir leik, sosiale ferdigheter og ein heilskapleg forståing av læring vektlagt. Den skriftspråklege stimuleringa bør få plass i denne pedagogiske tradisjonen.

Skriftspråkleg stimulering gjennom dialogisk lesing

Metoden dialogisk lesing er eit godt verktøy ved høgtlesing i den språkstimulerande opplæringa. I tillegg til språkleg utvikling aukar koncentrasjonsevna, den utvidar forståinga av skriftspråket og legg grunnlag for seinare lesegledede.

Leikeskrive

Viktig at ungane får leikeskrive og på den måten møte skriftspråket på eigne premiss. Barna kan da utforske skriftspråket og feile utan at det får konsekvensar- nattopp fordi dette er en lek og ikkje «på ordentlig» (Hagtvet, 2004).

6.2. Emneplan for førskulegruppearbeidet

- blir brukt i barnehage og småkulen

Utvikling av skriftspråkleg bevisstheit	Motorikk	Sosial utvikling	Forslag til verktøy
<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk begrepsopplæring gjennom bruk av BU-modellen (begrepsundervisning) • Den skriftspråklege utviklinga skal bygge på leik • Bruke dialogisk lesing som metode i den skriftspråklege stimuleringa 	<ul style="list-style-type: none"> • Klykke • Blyantgrep • Leikeskriving • Skriveretning • Fin- og grovmotorisk leik (sjå forslag til verktøy) 	<ul style="list-style-type: none"> • Vennskap • Inkludere andre barn i leik og aktivitet • Vente på tur • Sjølvstendighet • Hevde seg sjølv • Samarbeid • Korleis forholde seg i trafikken • Det å være eldst i barnehagen og det å bli yngst på skulen • Glede seg til skulestart 	<ul style="list-style-type: none"> • Språkleik • Snakkepakka • «Ord som gror» • Bruke leik som en metode til læring • Tankekart • Lage historiar som kan framføres for dei andre barna • «Tarkus» (trafikkopplæring) • Språksprell • Ipad • Klossar med tall og bokstaver • Dialogisk lesing • Samtaler med barna, undre seg saman med barna • Barnesamtaler (1 barn saman med ein voksen) • Garderobesertifikat • Turar • Hinderløype • Perling • Puslespel og spel • Trolldeig

6.3. Oversikt testar/kartleggingar; helsestasjon, barnehage og småskule

Alder	Kunnskapar/ ferdigheitar	Sosiale eigenskapar	Fleirkulturelle	Miljø / vaksenrolla	Kommentar
Gol Helsestasjon					
2 år	SATS				
4 år	SPRÅK 4				
Gol barnehage					
2-2,5 år	EVA-test				
2-5 år	MIO				Mattekunnskapar
1-6 år	Alle med TRAS Askeladden	Alle med TRAS By barnet opp til dans	Alle med TRAS –eige skjema By barnet opp til dans	By barnet opp til dans	Følgje med tilmelding til PPT
3-7 år	Nya Sit		Nya Sit		
5-6 år	Språk 5-6		Kartleggings-prøve for fleirspråklege barn		Del av Språk 6-16 Frå Trondheim kommune
Gol skule					
1-4.kl	6-16 LOGOS (lesing) 20 spørsmål om språkferdigheiter		Daglig Norsk-prøva		Brukast ved undring
1.kl	Kartleggings-prøve i lesing og talforståing				For alle

6.4. Samtykkeskjema for overføring av informasjon mellom barnehage og barneskule

Barnehageåret:

Barnets navn: **Født:**

Barnehage: **Avdeling:**

Temaer som blir tatt opp i foreldresamtale før skolestart og kan være aktuelt å overføre til skolen:

- 1. Barnets helsesituasjon**
- 2. Trivsel og trygghet**
- 3. Lek/sosial kompetanse**
- 4. Språklig og matematisk kompetanse**
- 5. Motorisk kompetanse**
- 6. Hverdagsaktiviteter/barnets læringsevne**
- 7. Spesielt fokus i foreldresamarbeidet**

Tospråklig: Ja Nei Viss ja- Hvilke språk?

Samarbeid med andre instanser: Ja Nei

Viss Ja – hvilke

Jeg/vi samtykker til at barnehagen og skolen samarbeider om mitt/vårt barn siste år før skolestart og gir informasjon etter foreldresamtale (eget skjema m. underskrift av foreldre) overføres fra

..... barnehage tilskule Ja Nei

Jeg/vi samtykker til at skolen i løpet av 1.skoleår kan gi tilbakemelding til barnehagen om barnet der det er hensiktsmessig for skolens eller barnehagens videre arbeid.
(jf. Fvl. § 13 b 5).

Ja Nei

Dato:.....

.....
Foreldre/foresattes underskrift

.....
Foreldre/foresattes underskrift

Kopi: Foreldre/foresatte

6.5. Skjema for referat fra foreldresamtale for overføring til skulen

Foreldresamtale før skulestart – tema som blir tatt opp på overgangsmøte med skulen

Barnets navn:

Dato samtale:

Tema	Barnehagen sin opplevelse	Forelderens opplevelse
1. Barnets helsesituasjon (allergi, medisinbruk, anna):		
2. Trivsel og tryggleik (glede, takle adskillelse, la seg trøste, prøve nye ting, ta initiativ):		
3. Leik/sosial kompetanse (samspel med andre barn, delta i leik, takle konfliktar, samspel med vaksne, vente på tur, delta i gruppeaktivitetar, behov for vaksenstøtte, sint/lei seg, sjølvkjensle, utåtvend/innadvendt/stille, empati, anna):		
4. Språkleg og matematisk kompetanse (korleis barnet anvendar språket i leikesituasjonar, interessert i rim, reglar, eventyr, uttrykker seg forståeleg/fortelle, begrepsforståing, skrive namnet sitt, antall, relasjonar, form, teljing og tall, mengde, anna):		
5. Motorisk kompetanse (hånddominans, fin- og grovmotorikk, blyantgrep, balanse, aktiv/passiv, leik):		
6. Kvardagsaktivitetar/barnets læringsevne (sjølvstendigheit, måltider, ta ansvar, klarer munnleg instruksjon, skifte aktivitetar/nye situasjonar, uthaldenheit, konsentrasjon, interesser, motivasjon, merksemd, hukommelse, anna):		
7. Spesielt fokus i foreldresamarbeidet		

Godkjenner overføring av kartleggingar:

Hvilke:.....

Vedlegg: Ja Nei

Underskrift foreldre

Underskrift pedagogisk leiar

6.6. Samtykkeerklæring for spesiell tilrettelegging

Eg, samtykker i at:

Personale i barnehagen ved

Dagleg leiar:

Pedagogisk leiar:

Annan tilsett:

Kan utveksle relevant informasjon, overføre møtereferat og eventuelle rapportar og ha nødvendig samarbeid vedrørande:

Namn: født:

Med:

- | | |
|-----------------------------|--------------------------|
| Gol skule | <input type="checkbox"/> |
| PPT | <input type="checkbox"/> |
| Gol helsestasjon | <input type="checkbox"/> |
| Hallingdal barnevernteneste | <input type="checkbox"/> |

Hensikta / formålet med informasjonsutveksling og samarbeid er å kunne gi adekvat hjelp, og kunne gi ein best mogeleg overgang frå barnehagen til skule. Samtykket gjeld til om med utgangen av 1.klasse, eller til det trekkast tilbake.

.....
(stad og dato)

.....
(underskrift føresette)

6.7. Opplysninger om barnets språkhistorikk

(Bokmål)

Skjemaet fylles ut av foreldre og pedagogisk leder på foreldresamtale innen 1. mai.

Skjemaet sendes skolen innen 1. mai.

Barnets etternavn, fornavn, mellomnavn (strek under det som brukes til daglig):
Fødselsdato:
Adresse:
Statsborgerskap/fødested:
Morsmål /dialekter/språk som barnet snakker hjemme eller snakket før ankomst til Norge:
Andre land barnet har bodd i:
Ankomst til Norge:
Foreldrenes språk/dialekter:
Mor:
Far:
Hvilket/hvilke språk snakkes hjemme?
Er det behov for tolking når foreldrene skal kommunisere med skolen?
Har barnet søsken?
Oppgi gjerne navn og alder på søsken:
Barnet har hatt barnehageplass i barnehage/barnehager:
Plasstørrelse:
Hvor lenge har barnet gått i barnehage i Norge?
Barnets språkerfaringer i barnehagen
Hvilke områder har barnet gjennomgått?
På hvilken måte er morsmålet ivaretatt i barnehagen?
Har barnet deltatt i andre språkstimuleringsopplegg i barnehagen? (beskriv kort organisering og innhold)
Styrker og utfordringer i forhold til optimal språkutvikling
Forhold i henhold til dette som skolen bør kjenne til?
Programmet definerer en optimal språkutvikling som at barnet:
Forstår og kan gjøre seg forstått. Behersker hverdagsbegrepene som brukes i barnehagen
Kan uttrykke følelser, ønsker og erfaringer.
Kan kommunisere med andre, lytte og samtale.
Kan bruke sitt morsmål der det er relevant og utvikler flerspråklighet.
Har kartlegging med NYA SIT eller evt. annen kartlegging avdekket styrker eller utfordringer?

Sted og dato:

.....
Foresatte

.....
Pedagogisk leder

6.8. Forkorta årshjul for føresette (nynorsk)

TID:	Barna: Mål og innhald for barna	Foreldre: Mål og innhald for dei vaksne
September	Oppstart av forskulegrupper i barnehagen Mål: Førebu barna til skulestart. Sjå oversikt over område som barna skal ha vore gjennom før skulestart	Foreldremøte på kvart barnehagehus for alle. Eigen bokl på møte med info om arbeidet i forskulegruppa.
Oktober	1.klasse på besøk i barnehagane. Barna skal få treffe att store og små i barnehagen. Førskulegruppene i barnehagen får tid til å leike med skulebarna med mål om at dei skal vere ein leikeyvnn når førskulebarna begynner i 1.kl.	Ped.leiar er med i klassen ein halv skuledag. Fagmøte for Ped.leiarar og 1.kl lærarar
November	Innskriving på skulen , dette skjer elektronisk innan 1.des.	Felles foreldremøte for alle med førskulebarn: Skulen v/ ein 1.klasselærar fortel om førebuande lese- og skriveopplæring. Kva er viktig å ha fokus på når barnet skal begynne på skulen, korleis kan foreldre førebu barna til skolestart. Barnehagen seier noko om felles treffpunkt. Rektor, SFO og IFO er representert og kjem med info. Foreldra blir informert om innskriving til skulen
Januar		Brev frå skulen blir sendt ut til foreldra.
Mars	Solseter: Felles treff på Solseter for alle førskulebarna. Mål om at barna skal få treffe kvarandre, gjera aktivitetar saman med andre barn dei skal gå på skulen med.	
April	Treff på skuleområdet: Barna blir kjent på skuleområdet og får treffe barn på tvers av barnehagehus som dei skal gå på skulen med. Besøk på SFO.	Møte med rektor, ass.styrar og ped.leiarar vedrørande klasseinndeling.
Mai	Skuledag: Barna får vera med ein halv dag saman med 1.kl med mål om å bli kjent og få oppleve ein skulekvardag. Små grupper med førskulebarn om gongen. Fokus på leikeyvnn. Felles regelleik med 1.klasse i løpet av dagen.	April/Mai: Helse på rektor/ kontaktlærar saman med foreldra. Foreldresamtaler i barnehagen. Foreldra skriv under på samtykke til å overføre informasjonen frå samtalen til skulen.
Juni	Idrettsdag på Hallingmo: Barna får vera i dei same gruppene som på Solseter. Same mål som treffet på Solseter. Besøk på IFO for dei som skal gå der. Møte fadderklassen: Alle førskulebarna møtes på skulen i 2 timer. Det blir delt inn i grupper. Fadrane har ansvar for ein regelleik. Kontaktlærarar til årets 1.klasse er med.	Kontaktlærer på besøk i barnehagen. Overføringsmøte med kontaktlærarar og ped.leiarar. Punkt frå foreldresamtala i mai blir gjennomgått med lærarar, ev. ny info som har kome opp i seinare tid som foreldra har samtykka til å overføre. Foreldra blir invitert med i samtalen ved behov. Foreldremøte for nye 1.klasseforeldre på skulen. Besøk på SFO for dei som skal gå der.
August	Skulestart: mål om at barna skal oppleve ein trygg og forutsigbar skulestart. Fadderordning: Dette blir det jobba med gjennom skuleåret. Målet med fadder: Stor hjelper liten. Dei store tar ansvar og viser omsyn til dei små. Lære bort regelleikar, lesestund m.m. Fadrar er barn på mellomtrinn. Fokus på at 2.kl er leikeyvnn for 1.kl.	Følgje barnet på skulen og ein er pliktig til å møte opp på møter i skolen

6.9. Forkorta årshjul for foreldre (bokmål)

TID:	Barna: Mål og innhold for barna	Foreldre: Mål og innhold for de voksne
September	Oppstart av førskolegruppe i barnehagen Mål: Forberede barna til skolestart. Se egen plan.	
Oktober	1.klasse på besøk i barnehagene. Barna skal få treffe igjen store og små i barnehagen.	
November		Felles foreldremøte for alle foreldre til førskolebarna: Skolen v/ en 1.klasselærer forteller om forberedende lese- og skrive. Hva er viktig å ha fokus på når barnet skal begynne på skolen, hva kan foreldrene gjøre. Informasjon om felles treffpunkter for alle førskolebarna. Informasjon ved rektor, SFO og IFO. Foreldrene blir informert om innskriving til skolen
Desember		Foreldrene skriver inn barnet via nettet innen 1.desember
Januar		Foreldrene mottar brev fra skolen
Mars	Felles treff på Solseter for alle førskolebarna. Mål om at barna skal få treffe og gjøre, aktiviteter sammen med andre barn de skal gå på skolen med.	
April	Treff på skoleområdet. Barna blir kjent på skoleområdet og får treffe barn på tvers av barnehagene som de skal gå på skolen med. Besøk på SFO.	Informasjon til foreldrene om at barnehage og rektor møtes for å snakke om klasseinndeling
Mai	Skoledag: Barna får være med en halv dag med mål om å bli kjent og få oppleve en skolehverdag.	April/mai: Hilse på rektor/ kontaktlærer sammen med barnet Foreldresamtaler i barnehagen. Foreldrene skriver under på samtykke til å overføre informasjonen fra samtalen til skolen.
Juni	Idrettsdag på Hallingmo. Besøk på IFO for de som skal gå der. Møte fadderklassen. Alle førskolebarna møtes på skolen i 2 timer. Kontaktlærer kommer også.	Kontaktlærer på besøk i barnehagen Overføringsmøte med kontaktlærer og ped.leder. Foreldre blir invitert med i samtalen ved behov Foreldremøte for nye 1.klasseforeldre på skolen
August	Skolestart , mål om at barna skal oppleve en trygg og forutsigbar skolestart. Fadderordning Dette blir det jobba med gjennom skoleåret. Målet med Fadder: Stor hjelper liten. De store tar ansvar og viser hensyn til de små. Lære bort regelleikar, lesestund m.m. Fadrer er barn på mellomtrinn. Fokus på at 2.kl er leikevenn for 1.kl	Følge barnet på skolen og en er pliktig til å møte opp på møter i skolen